



Årsmelding for 2021 frå Hovudstyret

Hovudstyret har sidan årsmøte i 2021 hatt slik samansetjing:

Leiar:	Vegard Gjerde
Nestleiar:	Harald Møller
Styremedlem	Cecilie Bjørlykke
Styremedlem	Jeanette Teigane
Styremedlem	Odd Erling Eriksen
Styremedlem	Anders Riise
Styremedlem	Vivian Johansen
Varamedlem	Ina Flø Nessel
Varamedlem	Evelyn Røren

Vegard Gjerde blei sjuk i oktober 2021, og har ikkje møtt i styret sidan.

Anders Riise vart erstatta av Kenneth Nicolaisen som styreleiar i Fotballgruppa. Han har derfor møtt i hovudstyret sidan november. Ina Flø Nessel har møtt på alle møta.

Coronasituasjonen har prega all aktivitet i laget også i 2021. Borna har hatt moglegheit til trening og kamp i avgrensa grad. Dei vaksne har fått spelt kampar og hatt treningar som normalt på hausten, men etter nye restriksjonar i desember har dei måtte trent med avstand.

Hovudstyret har hatt 10 møter og handsama i alt 75 saker, blant anna

- a. Den store saka i 2021 var eventuell bygging av turnhall i eigen regi. I november 2020 valde hovudstyret ei plannemnd for oppføring av turnhall, og denne fekk frå årsmøtet mandat til vidare arbeid. Etter eit stort arbeid mellom anna frå plannemnda, Conplan og Hareid kommune, blei tilbod om bygging motteke frå lokale entreprenørar.

Den planlagde hallen har nær 1000 m² grunnflate, med turnhallen på 750 m², garderobar, treningsrom, kontor- og klubbrom og lager. Totalkostnad er 20,4 mnok. I omframnt årsmøte den 17. november 2021 blei bygging av hallen, med finansiering frå KLP, vedteken bygg.

Det er sendt inn søknad om spelemidlar, og denne ventast godteken i mars 2022. Bygging vert då starta straks, med planlagd ferdigstilling og opning 28.12.2022.

- b. Ny samarbeidsavtale mellom HIL og Sparebanken Møre vart inn ved årsskiftet. Styret gir honnør til den gode partnaren vår! Den nye avtalen gjeld for 2022 – 2006, og inneheld mykje støtte til turnhallen og ordinære driftsmidlar.
- c. Det er oppnemnd Jubileumsnemnd for planlegging av 100-års feiringa med leiar Jeanette Teigane. Denne er igjen delt i redaksjonsnemnd og arrangementsnemnd,
- d. Ombygging av flaumlysa på KGB til LED har vore handsama fleire gonger.
- e. Til saman er gruppene tildelt overføring av LAM- og andre midlar frå hovudstyret kr. 518.612. Kr. 200.000,- av desse blei ikkje overført før i januar 2022.
- f. Det er oppnemnd sponsornemnd for nye sponsoravtalar i 2023-2025, leia av dagleg leiar og medlemmer frå gruppene.
- g. Hovudstyret har handsama synspunkt frå Kontrollutvalet om nokre mindre ting.

I styret i Hareid Idrettsråd er HIL representert med Vegard Gjerde (sekretær). Idrettsrådet har inngått avtale om nærare samarbeid med Hareid kommune.

Det er kjønnsbalanse i styret.

Medlemskap i HIL ved årsskiftet 2021/2022

Dette ein nedgang sidan 2020 med 109 medlemmer. Størst nedgang er det i Turn (frå 247), men og

Gruppe	0-5 år		6-12 år		13-19 år		Voksne		I alt
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Menn	Kvinner	
Friidrett	0	0	29	28	15	8	10	7	97
Handball	0	0	4	36	0	17	8	26	87
Turn	15	20	27	77	0	16	0	16	171
Fotball	1	0	118	28	57	45	79	12	340
Støttemedlemar	0	0	0	0	0	1	3	6	10
Heile HIL	16	20	178	169	72	87	100	67	705

Friidrett (frå 127), Handball (frå 110) medan Fotball har hatt oppgang (frå 318). Hovudstyret vonar at dette rettar seg når vi ser ut til «full» opning etter corona.

Økonomi

Med visning til rekneskapen meiner styret at økonomien i hovudlaget framleis er tilfredsstillande, sjølv med ein reduksjon i driftsresultatet for hovudlaget. Summen av Grasrotmidlar, mva-refusjon og LAM i 2021 var kr. 752 767,-

Overføringa frå hovudlaget til gruppene i 2021 var i budsjettet planlagt med kr. 600 000. Hovudstyret fordelte i desember motteke LAM-tilskot kr. 318 612 etter talet på medlemmer i aldersgruppe 6-19 år. For å få rett inntektsbilete av heile laget blir LAM-overføringane til gruppene ført som ein inntektsreduksjon i staden for ein kostnad på hovudlaget. Desse er fordelt mellom gruppene. Kr 170 000 er i rekneskapet ført som ei redusert inntekt. Sponsorinntektene for ordinær drift av laget blei også redusert etter bortfall av 2 sponsorar, Vanskelege tider for næringslivet vil truleg føre til reduksjon framover.

Sponsorinntektene for Hadarhallen er rimeleg god. Salget av "privatandelar" er likevel dårlegare enn venta. Samla er det inngått avtalar for kr. 5 700 000 og innbetalingane vil gå over 10 år. Inntektene her skal berre brukast til laget sine kostnadar med hallen.

Inntekta frå medlemskontingenten for 2021 vart høgare, trass redusert talet på medlemmar. Dette tyder på at innkrevinga var meir effektiv.

Resultat og balanse for heile laget går fram av saksdokument 7d, og viser at driftsinntektene var kr. 4 508 073 og driftsresultatet blei kr. 1 472 820. Eigenkapitalen 31.12.2021 var kr. 7 524 634. Resultatet er godt, men er for ein stor del prega av coronasituasjonen også i 2021.

Personale

Ola Kalvø Vattøy er dagleg leiar på full tid og Eli Grete Warpe er tilsett som rekneskapsmedarbeidar på timebasis. Tor Henning Andersen og Ann Hilde Andersen er tilsette som vaktmeister og reinhaldar i avgrensa stillingar. Elles er reinhaldarar for festsalen tilkalla etter utleige.

Sluttord

Stor takk til seniorgruppa og dei mange aktivitets- og lagleiarar og tillitsvalde for svært god og viktig innsats til drift av idrettsanlegga, klubbhuset og dei mange idrettsaktivitetane i laget. Vi vonar at pandemisituasjonen vil tillate full opning i heile 2022 rettar slik at normal drift av laget kan etablerast.

Hareid, 09. mars 2022

Vegard Gjerde
leiar

Harald Per Møller
nestleiar

Cecilie Bjørlykke

Jeanette Teigane

Odd Erling Eriksen

Anders Riise/Kenneth Nicolaisen

Vivian Johansen